



## Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1952 - 15/3896

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

19.02.2015

## Referat frå møte i SU og SMU onsdag 18.02.15

**Desse møte:** Nina S. Øvreås, Inger Hilde Fykse, Erik J Nilsen, Ingrid Danielsen, Arne Riisnes.

**Forfall:** Unni Solberg-Mortensen, Anny Wiig, Mathias R. Tønnesen, Andreas Totlandsdal, Solveig Kvamme, Hege Thorkildsen

### Sak 12 / 2014 - 15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjende slik dei låg føre.

### Sak 13 / 2014 - 15: Skulen sitt planverk

Skulen har eit omfattande plan- og regelverk som er lokalt fundert og har heimel i lov og forskrifter. På møtet var det delt ut ein del av desse planane og ein del av regelverket vart omtalt.

**Planar:** Beredskapsplan for krise, HMT - plan, Handlingsplan for arbeid med uønskte hendingar, Plan for førebyggjande tiltak, Plan for handtering av nye elevar, Plan for handtering av framandspråklege elevar og romplan og timeplan for å nemne nokre.

**Regelverk:** Klassereglar, Ordensreglar, Reglar for bruk av IT, Reglar for bruk av mobiltelefon, Reglar for bruk av basseng for å nemne nokre

**Prosedyrar:** Prosedyrar for utarbeiding av IOP og einskildvedtak knyta til § 5.1, Prosedyrar knytta til einskildvedtak §9A, Prosedyrar for karakterføring, Prosedyrar for varsling, Prosedyrar knytta til brannøving osv. samt sjekklister for kjøle og fryseskap, sjekklister for apparatur gymsal - for å ha nemnt ein del.

SU gjekk gjennom utdelt materiale og kommenterte og utdjupa forhold av interesse t.d. kven gjer kva ved straumstans og linken til kommunal kriseleiing.

**Vedtak:** SU ber skulen oppdatere plan og regelverk samt vurdere om delar av dette kan formast som hjul for skuld visualisering.

### Sak 14 / 2014 - 15: Elevundersøkinga 2014

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Undersøkinga vart gjennomført i november 2014. Alle klassane på skulen gjennomførte undersøkinga, med unntak av elevar i 10.klasse som hospiterte i VGS. Funna er mange og SU gjekk relativt grundig gjennom undersøkinga. M.a. dreidde debatten seg om korleis heim og skule - ved felles strev og innsats - i tide kan få ungdommen til å ta tak og lære seg det dei treng for å nå resultat dei vil ha og kan vere stolte av. Det er inga usemje mellom heime og skule i dette. Alle har vi sterke ynskje om at elevane skal gjere det godt - i alle høve sitt beste - på skulen. Skulen tek poenget om å varsle prøver i god tid og bruke fleire undervisningsmetodar fram til mål. Heimen tek poenget om at elevane må ha ein viss sjølvdisiplin for å få gjort arbeidet sitt og lært seg det som er nødvendig. Skulen kjem med det første til å arbeide meir med elevundersøkinga med sikte på å vurdere kva konkrete tiltak skulen vil setje i verk for å forbetre scoren for at elevane skal lære meir.

**Vedtak:** SU tek undersøkinga, orienteringa og debatten til etterretning og ber om ei orientering om kva tiltak skulen vil gjennomføre for å ytterlegare forbetre scoren på undersøkinga.

#### **Sak 15 / 2014 - 15: Mobiltelefon**

Rektor la fram si og skulen si innstilling. Vedlagd. SU meiner tiltaket er bra, og at dette er det elevane vert møtte med både i arbeid og i vidare skulegang. Ein føreset at ordninga er ei prøveordning fram til sommaren og at skulen kjem tilbake med ei vurdering av korleis ordninga har verka.

FAU har hatt saka oppe og sagt seg samd med skulen. Elevrådet har hatt saka oppe og konkludert med å vere med på ei prøveordning, men elevane er delte synet på om det bør vere forbod mot mobil.

**Vedtak:** SU sluttar seg til rektor si orientering og innstilling og ber om å få innsyn i evalueringa av tiltaket på eit seinare møte.

#### **Sak 16 /2014 - 15: Høyringar og KF**

Det låg ikkje føre høyringar. Rektor orienterte kort om framlegg til restrukturering av skulesektoren (kva skule skal leggjast ned og tiltak i samband med det) og arbeidet med organisasjonsplan for oppvekstsektoren. Begge desse felta har frist no i vår.

Sakene kjem opp til politisk handsaming og vil venteleg verte orientert meir om.

Folkemøtet på skulen om kommunedelplan skule er 16.mars kl. 1800 - 2000.

**Vedtak:** SU tek orienteringa til etterretning og ber om å bli informert om prosessane.

Arne Riisnes, ref.

Med helsing

Arne Johannes Riisnes  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Medlemer og varamedlemer